



**Måløy vgs.**  
Vestland fylkeskommune




# Velkommen til skulen vår!

Hjarteleg velkommen til Måløy vidaregåande skule, ein skule der mangfald, framtidsretning og trivsel står i sentrum. Med om lag 350 elevar og 85 dedikerte tilsette, har me skapt eit læringsmiljø der du ikkje berre vil trivast, men også blomstre og nå ditt fulle potensial. Ved Måløy vidaregåande skule legg me vekt på ein inkluderande og støttande atmosfære, der kvar enkelt elev blir sett og hørt.

Her finn du eit breitt spekter av utdanningsprogram, inkludert spesialiserte yrkesfag, studiespesialisering og TAF/YSK, noko som sikrar ein variert og engasjerande skulekvardag. Skulen er særleg kjend for sitt fokus på marine og maritime fag, og me er stolte av å vere den einaste vidaregåande skulen i nordre del av Vestland som tilbyr desse spesialiserte studia.

Undervisninga vår er kjend for at vere dynamisk og engasjerande, med vekt på praktisk læring og nært samarbeid med lokalt næringsliv. Dette sikrar at du som elev får verdifull, relevant erfaring gjennom praktisk orientert opplæring, som førebur deg for framtidige karrierar. Med ein solid forankring i både teori og praksis, legg Måløy vidaregåande skule eit perfekt grunnlag for din framtidige suksess.

**Velkommen til Måløy vidaregåande skule** – ein stad der di utdanning og framtid tek til!



Teknologi- og industrifag

Naturbruk

Restaurant- og matfag

Helse og sosial

Bygg og anlegg

Informasjonsteknologi og  
medieproduksjon

Studiespesialisering

TAF/YSK

Vaksenopplæring



# Teknologi- og industrifag

Teknologi- og industrifag er ei yrkesfagleg utdanning der du mellom anna lærer om maskinar, produksjonsprosessar, automatisering og programmering av robotar.

## Kvifor velje teknologi- og industrifag?

Dersom du har praktisk sans, likar arbeid med verktøy og maskinar og er nysgjerrig på ny teknologi, då kan teknologi- og industrifag vere noko for deg!

Startar du eit utdanningsløp innan teknologi- og industrifag kan du seinare velje mellom 54 ulike fagbrev å utdanne deg i. Her på skulen har vi eit omfattande nettverk som set deg i kontakt med denne spanande verda av industri og teknologi.

## Vg1 teknologi- og industrifag

Første året handlar om praktisk arbeid med ulike materialar, verktøy og maskinar, i tillegg til teikning både for hand og på data. Kvalitet og tryggleik er ein sentral del av opplæringa.

## Vg2 køyretøy

Har du ein lidenskap for køyretøy og maskinar? På Vg2 køyretøy får du yrkesrelevant kompetanse med alt fra rutinearbeid til komplekse feilsøkingsoppgåver. Du vil også lære om ny teknologi, og om korleis du diagnostiserar, vedlikeheld og reparerer både eldre og nye køyretøy.

## Vg2 maritime fag

Dette er valet for deg som ynskjer ei spanande maritim karriere på havet, anten i styrhuset eller maskina. På maritime fag kan du velje fordjuping mellom to valfag:

- Valfag dekk, Matrosfaget
- Valfag maskin, Skipsmotormekanikarfaget

## Vegen vidare

Etter to år på skule kan du søkje lærepllass i ei godkjend lærebodrift og oppnå fagbrev. Du kan også ta vg3 påbygg til generell studiekompetanse for å kunne studere vidare på høgskule/universitet.

Etter fullført fagbrev er du kvalifisert til å søkje fagskuleutdanning eller høgskule gjennom Y-vegen. Har du fagbrev innan matros kan du søkje høgskule gjennom Y-vegen innanfor nautikk. Har du fagbrev som skipsmotormekanikar kan du søkje høgskule gjennom Y-vegen innan marinteknisk drift.



## ER DU KLAR FOR Å SETTE SEGL MOT EI SPENNANDE KARRIERE PÅ SJØEN?



**Fjord1**

[www.fjord1.no](http://www.fjord1.no)

Visste du at Fjord1 er verdsleiande innan det grøne skiftet? Vi har elektrifisert halve flåten vår, snart opnar vi også verdas første ferjesamband med sjølvstyrte, autonome ferjer!

Visste du også at Fjord1 er ein av ferjenæringa sine største lærebodrifter? Vi har nærmare 90 lærlingar om bord i våre fartøy, innan matrosfaget og skipsmotormekanikar. Lærlingar er ein viktig ressurs i Fjord1!

Kvifor skal du velgje lærerid i Fjord1?

- Mogleheit til å forme di eiga karriere
- Vi har topp moderne fartøy og spennande teknologi
- God opplæring, oppfølging og dyktige fagfolk
- Vi arrangerar årleg lærlingsamling for første års lærlingar
- Gode turnusordningar
- Karrieremogleigheter på land

Våre lærlingar kan søkje utdanningsstipend ved vidareutdanning:

- Gode stipendordninger for vidareutdanning
- Stipend kan ytast i inntil tre år
- Vi garanterar deg kadettsplass etter utdanning

# Naturbruk

Er du interessert i natur og miljø, dyr og menneske? Vil du satse på eit yrke innan fiske og havbruk? Då er naturbruk den rette vegen for deg.

## Kvifor velje naturbruk?

Ved å velje denne linja tar du dine første steg mot ein karriere i ein av våre mest innovative og berekraftige sektorar: fiske- og havbruksnæringa. Med ei utdanning innan naturbruk får du unik innsikt og praktisk erfaring, ikkje berre gjennom teoretisk kunnskap, men også gjennom hands-on læring på skulen sitt eige opplæringsfartøy og gjennom vår eiga oppdrettskonsesjon.

### Vg1 naturbruk

Naturbruk handlar om korleis ein kan drive næring basert på naturressursar. Det første året skal programfaga legge grunnlag for sikker matproduksjon og for aktivitet og opplevingar med dyr og natur. Du vil òg lære deg å forstå samspelet mellom natur, samfunn, økonomi og berekraft.

### Vg2 akvakultur

På vg2 akvakultur vil du lære om oppdrett av fisk, biologi, teknologi, fiskefôr, fiskehelse, bedriftslære, økonomi, miljø og tryggleik. Oppdrett av ulike fiskeartar er ei av Noregs viktigaste næringar, og denne næringa vil i framtida berre fortsette å vekse.


### Vg2 fiske og fangst

Dette er vegen for deg som vil bli fiskar, eller ser for deg ei framtid som fiskeskippar. I løpet av skuleåret vil du lære om navigasjon, skipslære og sjømannskap, i tillegg til økonomi, økologi og arbeid med fiskereiskap.

### Vegen vidare

Etter eitt til to år på skule kan du søkje lærepllass i ei godkjend lærebodrift. Etter to år på skule kan du også ta vg3 påbygg til generell studiekompetanse for å kunne studere vidare på høgskule/universitet.

Etter fullført fagbrev er du kvalifisert til å søkje fagskuleutdanning. Har du fagbrev innan fiske og fangst kan du dessutan søkje høgskule gjennom Y-vegen innanfor nautikk. Ynskjer du å gå vidare på høgskule/universitet etter du har tatt fagbrev kan du ta vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.





## Skulebas - skulen sitt eige opplæringsfartøy

På skulen har vi eit heilt eige opplæringsfartøy, utstyrt med topp moderne fiskeutstyr for garnfiske, linefiske, trål og snurrevad.

Gjennom studieløpet vil du som elev på naturbruk få høvet til å vere med vår fiskebåt på mange spennande ekspedisjonar og lærerike forskingsturar i samarbeid med Havforskningsinstituttet.

Eitt av dei store høgdepunkta i vg2 fiske og fangst er at du får vere med Skulebas på opplæringstur til Lofoten, der du får delta i det verdskjente lofotfisket.



# Restaurant- og matfag

Er du kreativ og nøyaktig, og har sans for god mat og drikke? Har du interesse for kosthald og helse, og er nysgjerrig på nye smaker og rettar? Då kan restaurant- og matfag vere noko for deg.

## Kvifor velje restaurant- og matfag?

Her på skulen har vi eit kjøkken som bokstaveleg talt ligg midt i matfatet. Med eige fiskemottak knytt til skulekjøkkenet er tilgangen til råvarer ein av mange grunnar til at vi har så mange dyktige elevar ved linja vår.

Når du vel utdanningsprogrammet restaurant- og matfag får du ei allsidig utdanning som kan brukast over heile verda. Du utdannar deg til å kunne arbeide i kreative, spanande og internasjonale miljø.

Hos oss får du også maritime kurs, slik at du er kvalifisert til å jobbe til sjøs både under utplassering og seinare som lærling.

## Vg1 restaurant- og matfag

Det første året lærer du grunnteknikkar innan matlaging, baking, servering og arbeid med kjøtt og fisk. Opplæringa legg til rette for at du skal få utvikla dine kreative evner og å bli god til å nytte dei fantastiske ressursane vi har rundt oss.

## Vg2 kokk- og servitørfag

Andre året held du fram med å utvikle deg som kokk og servitør, og du vil fordjupe deg i grunnleggande teknikkar innan faget.

## Vegen vidare

Etter to år på skule kan du søkje lære plass i ei godkjend lærebodrift. Du kan også ta vg3 påbygg til generell studiekompetanse for å kunne studere vidare på høgskule/universitet.

Etter fullført fagbrev er du kvalifisert til å söke fagskuleutdanning. Du kan dessutan ta mesterbrev i mange av matfaga. Ynskjer du å gå vidare på høgskule/universitet etter du har tatt fagbrev kan du ta vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.



## Sjømat og kjøtt av høy klasse

Her på Havfruen kan du få kjøpt frokost, lunsj, middag, tre-retters, dessert, skaldyr og fersk fisk fra fiskedisken. I menyen finner du et hav av smaksrike retter som bacalao, laks, torsk, blåskjell, fish & chips, gourmetburger og dagens fangst. Vi har også vegetarmat og glutenfrie alternativ. I tillegg tilbyr vi catering til de fleste anledninger. Spør oss gjerne om meny og pris.

**10%**  
**STUDENTRABATT**  
FOR ELVER PÅ MÅLØY VGS





# Helse- og oppvekstsfas

Ynskjer du å jobbe med menneske i ulike livssituasjonar? Helse- og oppvekstsfas er ei yrkesfagleg utdanning for deg som er omsorgsfull og liker å samhandle med andre.

## Kvifor velje helse- og oppvekstsfas?

Ei yrkesframtid i helse- og oppvekstsektoren sikrar deg ein kvardag som er meiningsfull, samstundes som du vil vere høgt ettertrakta i eitt av Noregs sikraste arbeidsmarknader.

Her kan du velje å ta fagbrev som ambulansearbeidar, barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar og mykje meir.

## Vg1 helse- og oppvekstsfas

Første året vil du lære om korleis gje omsorg til deg sjølv og andre menneske. Du vil få grunnleggande kunnskap om korleis kroppen er bygd opp og fungerer, korleis ta vare på eiga og andre si helse, om ulike livsstilsjukdomar og om kommunikasjon med menneske i ulike livsfasar.

## Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfas

På vg2 barne- og ungdomsarbeidarfas lærer du korleis du kan bidra til ein trygg og god oppvekst for barn og ungdom i alderen 0-18 år. Du lærer mellom anna om utviklinga til barn og ungdom, og korleis legge til rette for og gjennomføre pedagogiske tilbod i ulike aldergrupper.

## Vegen vidare

Etter to år på skule kan du søkje lærepllass i ei godkjend lærebedrift. Du kan også ta vg3 påbygg til generell studiekompetanse for å kunne studere vidare på høgskule/universitet.

Etter fullført fagbrev er du kvalifisert til å søkje fagskuleutdanning. Ynskjer du å gå vidare på høgskule/universitet etter du har tatt fagbrev kan du ta vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.

## TAF/YSK-modellen

Dersom du er motivert og arbeidsam, og likar realfag som matematikk, fysikk og kjemi, bør du vurdere TAF/YSK modellen. Dette er ei 4-årig utdanning som kombinerar skule og arbeid, og du får lærlingløn frå første dag. Utdanninga gir eit særskilt godt grunnlag for vidare studiar i Noreg eller utlandet.

## Hos oss har vi tre ulike retningar du kan velje mellom innan TAF/YSK:

- Akvakultur
- Helsearbeidarfas
- Industriteknologi



# Bygg- og anleggsteknikk

Er du praktisk anlagt og har godt handelag? Då kan bygg- og anleggsteknikk vere noko for deg.

## Kvifor velje bygg- og anleggsteknikk?

Her får du arbeide med henda, skape noko og sjå synlege resultat av arbeidet ditt. Arbeidet er variert, du får arbeide sjølvstendig og saman med andre og du vil ha aktive arbeidsdagar både inne og ute på arbeidsplassar.

Etter å ha fullført skulen kan du ta fagbrev som tømrar, stillasbyggjar, røyrleggar, murar og mykje anna.

## Vg1 bygg- og anleggsteknikk

Første året vil du lære grunnleggande teknikkar og gode arbeidsvaner. Du vil bli kjend med verktøy og få den basiskompetansen du treng for å gjere enkle jobbar. Vi jobbar med fleire ulike kundeoppdrag i løpet av året, og kvalitet og tryggleik står sentralt i undervisinga.

## Vg2 tømrar

Andre året vil du utvikle kompetansen som trengst til å sette opp nybygg og tilbygg, og utføre ombygging, rehabilitering og restaurering. Opplæringa er i stor grad basert på reelle oppdrag som vi gjennomfører ute på arbeidsplass.

## Vegen vidare

Etter eitt til to år på skule kan du søkje lærepllass i ei godkjend lærebodrift. Etter to år på skule kan du også ta vg3 påbygg til generell studiekompetanse for å kunne studere vidare på høgskule/universitet.

Etter fag- eller sveinebrevet er du kvalifisert til å søkje fagskuleutdanning eller høgskule gjennom Y-vegen. Du kan dessutan ta mesterbrev innan mange av byggfaga.



NORDVEST  
VINDUET

→ Se verden på nytt





# Informasjonsteknologi og medieproduksjon

Er du kreativ og interessert i IT, nettverk og visuelle uttrykksformer? Då kan dette studiet vere noko for deg!

## Kvifor velje informasjonsteknologi og medieproduksjon?

Informasjonsteknologi og medieproduksjon er eit framtidssretta utdanningsval som gjev deg mange moglegheiter. Dette er første steg mot ein karriere innan IT, TV, foto, film eller grafisk design.

## Vg1 informasjonsteknologi og medieproduksjon

I løpet av det første året får du spennande innføring i programmering, kommunikasjon, design og teknologi. Du får blant anna øve på å sette opp datanettverk og lage nettsider frå botnen, og du vil lære om foto og film.

## Vg2 informasjonsteknologi

Vg2 informasjonsteknologi handlar om å rettleie brukaren i å nytte sikre og brukarvennlege IT-løysingar og å utvikle slike løysingar. Du vil lære korleis informasjonsteknologi kan brukast og misbrukast, og korleis løysingar kan beskyttast mot truslar og innsyn. Det blir lagt til rette for at du skal få utvikle kritisk tenking, sjølvstende og kreativitet, og til at du får omsette idear til handling.

## Vegen vidare

Etter to år på skule kan du søkje læreplass i ei godkjend lærebedrift. Du kan også ta vg3 påbygg til generell studiekompetanse for å kunne studere vidare på høgskule/universitet.

Etter fullført fagbrev er du kvalifisert til å søkje fagskuleutdanning. Ynskjer du å gå vidare på høgskule/universitet etter du har tatt fagbrev kan du ta vg4 påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse.



**VI SATSAR PÅ UNGDOMEN!**  
**Vil du bli med?**

UNU tar imot elevar på utplassering og tilbyr lærekontrakt innan tømrar- og betongfaget.

[www.unu-as.no](http://www.unu-as.no)



# Studiespesialisering

Er du interessert i teoretiske fag og ynskjer å studere ved universitet eller høgskule seinare? Då kan du velje studiespesialisering, ei treårig utdanning som fører fram til generell studiekompetanse.

## Kvifor velje studiespesialisering?

Studiespesialiserande utdanningsprogram legg eit solid grunnlag for vidare studiar på universitet og høgskule, både i Noreg og i utlandet. Dette studiet passar både for deg som planlegg å ta høgare utdanning og for deg som er usikker og ynskjer å halde moglegheitene opne.

På Måløy vgs ynskjer vi å førebu deg best mogleg for vidare studiar gjennom fokus på læring, inspirasjon og trivsel!

## Vg1 studiespesialisering

Første året er felles for alle som vel studiespesialisering. Dette året blir det lagt stor vekt på innarbeidning av gode arbeidsvanar, studieteknikkar og samarbeid og samhald på skulen.

## Vg2 studiespesialisering

Andre året startar du på det programområdet du ynskjer. Du kan velje mellom:

- realfag
- språk, samfunnsfag og økonomi

## Vg3 studiespesialisering

Tredje året skal du fordjupe deg i to av dei programfaga du hadde på vg2. Siste skuleåret legg vi stor vekt på at du skal vere godt førebudd til vidare studiar.

## Vegen vidare

Med studiekompetanse kan du søkje opptak til høgskule og universitet.

Nokre studiar krev at du vel spesielle fag på vidaregåande, og på mange studiar er det stor konkurranse om å komme inn. Det er karakterane dine og programfaga du har valt som avgjer om du får starte på det studiet du ynskjer.





## Vaksenopplæring

Dersom du er over 19 år og ikke har fullført vidaregående utdanning før, kan vi tilby gratis vidaregåande opplæring.

### Ynskjer du å ta vaksenopplæring?

Vi har eit fireårig utdanningsløp for vaksne der ein kan ta fagbrev som kokk, ernæringskokk, ferskvarehandlar eller servitør.

Det vil også vere mogleg for andre løp innan restaurant- og matfag dersom det er bedrifter som tilbyr lærepass. Skulen samarbeider med bedrifter innan alle fagområda og gjer avtale om ulike lærepassar til vaksenopplæringa.

### Kven kan søkje ?

Tilbodet er særleg retta mot minoritetsspråklege vaksne, men er ope for alle vaksne som ynskjer denne kompetansen. Dersom du kan vise til realkompetanse vil det kunne føre til at du kan få praksis godkjent som del av opplæringa. Vi som jobbar ved Måløy vidaregåande skule gjer alt vi kan for at du gjennom dette tilbodet skal kunne nå målet ditt om å skaffe deg kompetanse innanfor restaurant- og matfaga.

# Eit trygt og godt skulemiljø

Trivsel i skulekvardagen er nøkkelen til læring og meistring. På Måløy vidaregåande skule er målet at du som elev skal kjenne deg trygg og ivaretatt, slik at du får dei beste føresetnadene til å utvikle deg både sosialt og fagleg.

Skulen tek hand om utfordringar aktivt og arbeider kontinuerleg for at alle skal oppleve eit positivt og støttande miljø. Dette er grunnlaget for at du som elev kan blomstre og nå ditt fulle potensial.

## Open skule

To dagar i veka held skulen ope etter skuletid. Her kan du få deg middag, gjere lekser, arbeide på verkstaden, spele spel, trenre eller berre slappe av i lag med andre. Open skule er eit tilbod for både hybelbuarar og andre elevar.



**AS Fiskevegn** er ein global aktør i produksjon og sal av line og fiskereiskap til profesjonelt fiskeri, samt detaljhandel via butikkutsal i Ålesund.

Selskapet er lokalisert på Flatraket i Stad kommune og har salskontor og butikkutsal i Ålesund.

Dotterselskapet Best Fishing Gear (BFG) er utviklar og produsent av BFG-Line autolinesystem, samt produsent av mekaniske komponentar. Fiskevegn er ein global leverandør med god tillit i marknaden. Vi produserar produkt av høg kvalitet og har eit godt samarbeid med våre partnarar. Vårt produktutval gjer at vi er totalleverandør og vi tilstrebar å vere leveringsdyktige på rett produkt til rett tid. Vi er einaste lineprodusent med europeisk produksjon

## Kontakt oss!

 Måløy vidaregåande skule  
Nordfjordvegen 9109  
6718 Deknepollen

 maloy.vgs.no

 57 63 79 00

 postmottak.maloyvgs@vlfk.no

 Maloyvgs

 Maloyvgs

Barnehagen på toppen av  
Måløy, med umiddelbar  
nærhet til naturen,  
har høyt fokus på faglig  
utvikling og trivsel  
- for store og små



**En god plass å være, en god plass å lære**

[www.trollskogenmaloy.barnehage.no](http://www.trollskogenmaloy.barnehage.no)



**Maritim Opplæring Nordvest  
formidler lærlinger til våre  
medlemsbedrifter i følgende fag**



## Matros

Vil du ha en allsidig rolle i en av Norges største og viktigste næringer? Liker du praktisk arbeid og å være utendørs? Da er kanskje matros noe for deg!

## Skipsmotor - mekaniker

Liker du praktisk arbeid og å løse problemer? Vil du ha en rolle med ansvar? Da er kanskje skipsmotormekaniker noe for deg!

## Maritim elektriker

Som maritim elektriker er du en elektrofagarbeider, og er skipets spesialist på elektriske anlegg om bord.

## Kokk, servitør, konditor og reiseliv

Ønsker du en spennende og annerledes læreplass? Dra til sjøs og ta læretiden din om bord på et skip!